

Bli abonnent!

NYHEITER KYRKJE NORDHORDLAND

Tok årene fatt på kyrkjereis frå Flatøy til Hamre



RODDE TIL KYRKJE: Dei følgde opp tradisjonen frå gamle dagar då folk frå Flatøy og Håøy rodde til kyrkja på Hamre, som i mange år var deira soknekyrkje. – Dette bør verta ein fast tradisjon under kystsogevekene, meiner Leif Johnsen (t.h.), Arnt S. Brakstad, Helge Hitland og Torstein Flatøy, kvartetten som tok årene fatt. Foto Arthur Kleiveland

Av Arthur Kleiveland

09. august 2018, kl. 06:00 ✓

I tråd med gamal tradisjon sette fire karar seg til rors på Flatøy og rodde til kyrkja på Hamre. – Det bør verta

eit fast innslag å ta årene fatt på kyrkjereis under

ett fast innslag å ta ut en tur på ryngjerens under
kystsogevekene.

DEL

f

...

Det seier Leif Johnsen, som saman med Helge Hitland, Arnt S. Brakstad og Torstein Flatøy gjennomførte roturen i den smekre færingen.

Kvartetten om bord rodde to om gongen, og skifta på å ro. Dei fortel at takt og kurs kom seg undervegs.

– Det var fint å koma fram til kaien på Hamre full av vinkande folk og ein flaggsmykka kyrkjebakke, fortel Leif Johnsen. Etter gudstenesta var det omvising både i og utanfor den staselege kyrkja.

Dei hadde ulikt «treningsgrunnlag» for roturen. Den meste erfarne roaren er nok Arnt S. Brakstad, som ofte er ute og ror på Storavatnet i samband med fiske.



NÆRMAR SEG: Rokvartetten brukte gode 45 minuttar i færingen frå Flatøy til Hamre.

– Det einaste roinga eg har gjort på mange år, er på romaskin på treningssenteret. Må vel rekna med litt blemmer. Men det skal nok gå bra, seier Helge Hitland før turen startar.

Viktig å vidareføra tradisjonar

Rapportane frå turen over fjorden var at alt gjekk knirkefritt. Men det friskna til med vinden og kvita i bølgjene då det var tid for heimtur etter kyrkjekaffien. Difor takka karane forståeleg nok ja til å få slep på returen.

Den nyskipa ro- og seglgruppa i IL Kvernbit stod bak kyrkjereisa i robåt denne søndagen. Leiar i gruppa, Atle Bergseth, meiner at den største trusselen mot norsk kultur ikkje er vårt multikulturelle samfunn, men nordmenn si manglande oppfølging av tradisjonane våre.

– Sjølv om me lever i ei moderne verd kan me i langt større grad markera og ta vare på deler av norsk kulturtradisjon. Å ro til kyrkje er ein aktiv del av den historiske forteljinga vår, seier Bergseth.





VEL FRAMME: Dei fire roarane vel framme ved Hamre kyrkje i fin form og utan ei blemme. Frå venstre Helge Hitland, Torstein Flatøy, Arnt S. Brakstad og Leif Johnsen. (Foto: Privat)

Dei siste konfirmantane

Fram til 1964 høyrde Flatøy/Håøy til Hamre kommune. I tidlegare tider var det naturleg at folk frå dette området brukte Hamre-kyrkja til dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Kaspar Hansen (f. 1937) fortel at han, Ingolf Madsen og Olga Flatøy var dei siste frå Flatøy som vart konfirmerte i kyrkja på Hamre, i 1951. Dei rodde sjølve over fjorden i ein færing då dei «gjekk for presten». Då var det ein som rodde med det eine par årar og dei to andre brukte kvar si åre. Båten vart dregen opp i fjæra attmed bryggja på Hamre.



PÅ KYRKJEBAKKEN: Folk samlast på kyrkjebakken framfor den staselege Hamre-kyrkja. Fremst ser me sokneprest Helle Maria Wolstad, som saman med prost Øystein Skauge deltok i gudstenesta.

Dei rekna ca 45 minuttars rotid, og kvartetten som no tok årene fatt, var i hamn omtrent på same tid.

Kaspar Hansen har fortalde at han kan hugsa at faren hans berre *ein* gong kom over frå Flatøy og henta dei i ein gavlbåt etter at dei hadde vore til konfirmasjonsførebuing då det blas litt for mykje til å ro. Seinare vart ungdommane frå Flatøy konfirmerte i Salhuskyrkja og etter kvart i kyrkja på Meland.

I gravferder brukte dei større båtar som til dømes ein spelebåt til å frakta kista med. Ein spelebåt var brukt i samband med notfiske og var på storleik med ein åttring.

Klara Hansen fortel at dei tre borna deira, Steinar, Sonja og Grethe vart døypte i Hamre-kyrkja. Dei er fødde mellom 1960 og 1965. Både når det var dåp og vigsel vart det på denne tida brukt motorbåtar. Ofte var det då fleire med som gjestar i kyrkja.





OGSÅ VETERANBÅTAR: Fleire veteranbåtar sette kursen mot Hamre i samband med festgudstenesta under første helg i kystsogevekene. Her ligg «Granvin» ved kai, og i tillegg var «Atløy» og «Vestgard» med. Foto: Leif Johnsen

Eigde Heilt frå 1300-talet eigde kyrkjene på Hamre og på Meland kvar sin del av Leirvik gard på Holsnøy. Ei stund hadde òg Sæbø-sokna ein del av denne garden, fortel Arnt S. Brakstad, som i tillegg å vera habil roar også er mangeårig leiar i Meland sogelag.

Lang rotur for klokkaren

– Sidan Hamre-kyrkja eigde ein del av Leirvik, vart òg han som var klokkar i kyrkja, buande på garden. Han måtte difor ro inn Herdlefjorden og til Hamre kvar preikesundag. Etter kvart vart dette for tungvint, men klokkaren fekk ikkje eigen bustad på Hamreneset før kring år 1700.

Leirvik var kyrkjegods heilt fram til 1864 då Rasmus Rolfsen kjøpte Meland sokn sin part for 600 spesidalar. Desse pengane kom vel med då noverande kyrkje på Meland skulle byggjast.

Lik Avis Nordhordland på Facebook

Lik dette

Siriann Andersen og 9,8k andre likar dette.



Les meir om: [Nyheiter](#) [Kyrkje](#) [Nordhordland](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Måtte fjerne stein på fleire tonn frå nyasfaltert veg i Alversund - no må kommunen asfaltera på nytt

ANNONSE



**«70 veteranbåtar i Vågen er ein
uslåeleg kombinasjon av**



Her vart brua oppgradert - etterpa var det for trongt for bussen




Arbeidet med 200 ml nringsareal p Storemyra er i gang



Magne Hope AS sikra seg storkontrakt p Mongstad

Kommentarar til denne saka



0 kommentarar

E-POSTVARSLING

Kjell Magnus Økland

Din kommentar...

A [Debattreglar](#)

KOMMENTER

Til toppen



- Adresse: Kvernhusaugane 12. 5914 Isdalstø • Ansvarlig redaktør: Trond Roger Nydal
- Personvernpolicy / Informasjonskapsler • Redaktørplakaten • PFU

• nordhordland.no vert lagra regelmessig av Nasjonalbiblioteket. Nettsida vil bli gjort tilgjengeleg som kildemateriale for forskning og dokumentasjon

• AVISA NORDHORDLAND COPYRIGHT © 2014 • Tipstelefon: 916 20 916

• Sentralbord: 56 35 55 55